



«Mottakernavn»

«Adresse»

«Postnr» «Poststed»

«Kontakt»

Kontakt saksbehandlar

Tiril Marie Jansen, 51 56 87 06

Informasjon om ordinært skjønstilskot for 2027, restskjøen for 2026 og viktige fristar

Stortinget har behandla kommuneproposisjonen for 2027¹ og ga Kommunal- og distriktsdepartementet (KDD) fullmakt til å fordele ei nasjonal skjønnsramme på 1 030 mill. kroner i skjønstilskot til kommunar og fylkeskommunar. Skjønnsramma for kommunane er sett til 830 mill. kroner, som er likt beløp som i 2026.

KDD fordeler kvart år skjønstilskot til kommunar etter ei innstilling frå statsforvaltarane. Skjønstilskotet skal kompensere kommunar for lokale forhold som ikkje blir fanga opp i den faste delen av inntektssystemet, og bidra til innovasjon og utvikling i kommunesektoren. Fordelinga av ordinære skjønstilskot skjer om hausten, i samband med statsbudsjettet.

Ordinært skjønstilskot for 2027 – frist for å søkje er 30. august

KDD gir retningslinjer for fordeling, bruk og rapportering av skjønstilskot. Statsforvaltaren skal gjere ei heilskapleg vurdering av kommunen sin økonomi og behov. Skjønstilskotet skal ikkje fordelast berre på grunnlag av enkeltsaker eller økonomien innan eitt tenesteområde.

For å sikre ei best mogleg fordeling, er det viktig med god informasjon frå kommunane. Vi ber derfor alle kommunar sende inn skriftleg søknad dersom dei har spesielle, lokale forhold som ikkje blir fanga opp av inntektssystemet eller andre ordningar.

Skjønstilskot for 2027 blir berre vurdert tildelt til kommunar som har sendt inn søknad innan fristen 30. august 2026. Dersom søknaden gjeld konkrete utgifter, må kommunen dokumentere desse. Send søknad til sfropost@statsforvalteren.no

Døme på forhold som kan gi grunnlag for ordinært skjønstilskot:

- utgifter til båtskyss av helsepersonell
- særskilte kostnader knytt til språkdelingsgrupper
- konsekvensar av trekk- og korreksjonsordninga (privatskolar)

¹ Sjå kapittel 4 i Kommuneproposisjonen 2027, Prop. 94 S (2025-2026) og Innst. 448 S (2025-2026) som blei behandla i Stortinget 16. juni 2026.



Om språkdeling

Frå 1. august 2024 gjeld regelen i opplæringslova § 3-1: «Når minst ti elevar på eitt av trinna 1 til 10 i ein kommune ønskjer eit anna skriftspråk som hovudmål enn det som er vedtatt for skolen, har dei rett til å bruke og å få opplæring på dette skriftspråket i ei særskild gruppe.»

Kommunar som får ekstra kostnader fordi dei må opprette fleire språkdelingsgrupper enn dei elles ville trengt, kan søkje om ordinært skjønstilskot. Kommunen må sende inn søknaden innan fristen og bruke eit eige skjema som ligg ved dette brevet.

Restskjøn for 2026 – søknadsfrist 30. september

I tråd med føringar frå departementet har Statsforvaltaren halde tilbake delar av skjønstilskotet for 2025. Desse pengane skal brukast til å støtte kommunar som får uventa og ekstraordinære økonomiske utfordringar i løpet av året, som til dømes naturskadar.

Prosjektskjøn til innovasjon og utvikling for 2027 – søknadsfrist 1. november

Utlysing med meir informasjon om prosjektskjøn til innovasjon og utvikling kjem i eit eige brev i august.

Vedlegg:

Ekstragrupper på grunn av språkdeling

Med helsing

Monica Nessa (e.f.)
avdelingsdirektør

Tiril Marie Jansen
rådgiver

Dokumentet er elektronisk godkjent

Adresseliste:

Eigersund kommune	Postboks 580	4379	Egersund
Sandnes kommune	Postboks 583	4305	Sandnes
Bjerkreim kommune	Postboks 17	4389	Vikeså
Bokn kommune	Boknatun	5561	Bokn
Gjesdal kommune	Rettedalen 1	4330	Ålgård
Haugesund kommune	Postboks 2160	5504	Haugesund
Hjelmeland kommune	Vågavegen 116	4130	Hjelmeland
Hå kommune	Rådhusgata 8	4360	VARHAUG
Karmøy kommune	Postboks 167	4291	KOPERVIK
Klepp kommune	Postboks 25	4358	Kleppe
Kvitsøy kommune	Kommunehusveien 6	4180	Kvitsøy
Lund kommune	Moiveien 9	4460	Moi
Randaberg kommune	Postboks 40	4096	Randaberg



Sauda kommune	Postboks 44	4201	Sauda
Sokndal kommune	Gamleveien 20	4380	Hauge I Dalane
Sola kommune	Postboks 99	4097	SOLA
Stavanger kommune	Postboks 8001	4068	Stavanger
Strand kommune	Postboks 115	4126	Jørpeland
Suldal kommune	Eidsvegen 7	4230	Sand
Time kommune	Postboks 38	4349	Bryne
Tysvær kommune	Postboks 94	5575	Aksdal
Utsira kommune	Postboks 63	5547	Utsira
Vindafjord kommune	Rådhusplassen 1	5580	Ølen